



Høyringsuttale frå Bjørnafjorden kommune til planprogram for regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse

Saksbehandlar:
Kaisa Tonheim Banne

Arkivsaksnr.:
25/23154

JournalpostID:
25/168957

Saksnr:	Utval:	Dato:
118/2025	Plan-, bygg- og miljøutvalet	15.10.2025
119/2025	Bjørnafjorden formannskap	16.10.2025

Vedtak som innstilling frå Plan-, bygg- og miljøutvalet - 15.10.2025 - 118/2025

Bjørnafjorden kommune er positiv til at fleire regionale planar blir erstatta av to planar. Utvalet har følgande innspel til planprogramma for regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse:

- fylkeskommunen må følge plan- og bygningslova sine generelle utgreiingskrav i plan- og bygningslova kapittel 4 - for planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing
- planprogramma bør liste opp alle målkonfliktar som gjeldande regionale retningslinjer og føringar har
- planprogramma må konkretiserer kva tema som skal vurderast i planomtale og kva tema som eventuelt må konsekvensutgreiast
- planomtale må gjere greie for kva verknadar og konsekvensar for miljø og samfunn som regionale retningslinjer og føringar kan få
- planomtale må kommentere kvar retningslinje i planen, slik at det ikkje er tvil om korleis planen skal følgast opp
- fylkeskommunen må vere forsiktige med å utarbeide absolutte føringar og retningslinjer, særskilt om dei kan få negative konsekvensar for natur, klima, samfunn. Retningslinjer og føringar sine økonomiske konsekvensar må vurderast også i høve nytte.
- dersom det skal utarbeidast regionale føresegner etter § 8-5 for fleire tema enn handel og energi, så må fylkeskommunen varsle om dette før dei går i gang
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet bør rullerast og innlemmast i ny regional plan for areal og mobilitet. Eventuelt bør fylkeskommunen evaluere også denne planen og vurdere å endre praksis for korleis denne blir følgt opp.
- regionale planar bør kortast ned og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Bjørnafjorden kommune er positiv til at fleire regionale planar blir erstatta av to planar. Utvalet har følgande innspel til planprogramma for regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse:

- fylkeskommunen må følge plan- og bygningslova sine generelle utgreiingskrav i plan- og bygningslova kapittel 4 - for planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing
- planprogramma bør liste opp alle målkonfliktar som gjeldande regionale retningslinjer og føringar har
- planprogramma må konkretiserer kva tema som skal vurderast i planomtale og kva tema som eventuelt må konsekvensutgreiast
- planomtale må gjere greie for kva verknadar og konsekvensar for miljø og samfunn som regionale retningslinjer og føringar kan få
- planomtale må kommentere kvar retningslinje i planen, slik at det ikkje er tvil om korleis planen skal følgast opp
- fylkeskommunen må vere forsiktige med å utarbeide absolutte føringar og retningslinjer, særskilt om dei kan få negative konsekvensar for natur, klima, samfunn. Retningslinjer og føringar sine økonomiske konsekvensar må vurderast også i høve nytte.
- dersom det skal utarbeidast regionale føresegner etter § 8-5 for fleire tema enn handel og energi, så må fylkeskommunen varsle om dette før dei går i gang
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet bør rullerast og innlemmast i ny regional plan for areal og mobilitet. Eventuelt bør fylkeskommunen evaluere også denne planen og vurdere å endre praksis for korleis denne blir følgt opp.
- regionale planar bør kortast ned og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig

Bjørnafjorden, den 23.09.2025

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:
BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 16.10.2025**

Tilleggsforslag:

Tillegg fra FrP/H v/ordfører Terje Søviknes, foreslått av Terje Søviknes,
Fremskrittspartiet

Saksutgreiinga vert i sin heilskap oversendt Vestland fylkeskommune saman med vedtaket.

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå PBM fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2AP, 1INP) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt

Tilleggsframlegg fremma av Terje Søviknes, FrP fekk 8 stemmer (3FrP, 2H, 2AP, 1INP) mot 1 stemme (1SV) og blei vedtatt

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune er positiv til at fleire regionale planar blir erstatta av to planar. Utvalet har følgande innspel til planprogramma for regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse:

- fylkeskommunen må følge plan- og bygningslova sine generelle utgreiingskrav i plan- og bygningslova kapittel 4 - for planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing
- planprogramma bør liste opp alle målkonfliktar som gjeldande regionale retningslinjer og føringar har
- planprogramma må konkretiserer kva tema som skal vurderast i planomtale og kva tema som eventuelt må konsekvensutgreiast
- planomtale må gjere greie for kva verknadar og konsekvensar for miljø og samfunn som regionale retningslinjer og føringar kan få
- planomtale må kommentere kvar retningslinje i planen, slik at det ikkje er tvil om korleis planen skal følgast opp
- fylkeskommunen må vere forsiktige med å utarbeide absolutte føringar og retningslinjer, særskilt om dei kan få negative konsekvensar for natur, klima, samfunn. Retningslinjer og føringar sine økonomiske konsekvensar må vurderast også i høve nytte.
- dersom det skal utarbeidast regionale føresegner etter § 8-5 for fleire tema enn handel og energi, så må fylkeskommunen varsle om dette før dei går i gang
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet bør rullerast og innlemmast i ny regional plan for areal og mobilitet. Eventuelt bør fylkeskommunen evaluere også denne planen og vurdere å endre praksis for korleis denne blir følgt opp.
- regionale planar bør kortast ned og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig

Saksutgreiinga vert i sin heilskap oversendt Vestland fylkeskommune saman med vedtaket.

PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 15.10.2025:

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 114/2025.

Fagleiar plan Kaisa Tonheim Banne orienterte.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommune er positiv til at fleire regionale planar blir erstatta av to planar. Utvalet har følgande innspel til planprogramma for regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse:

- fylkeskommunen må følge plan- og bygningslova sine generelle utgreiingskrav i plan- og bygningslova kapittel 4 - for planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing
- planprogramma bør liste opp alle målkonfliktar som gjeldande regionale retningslinjer og føringar har
- planprogramma må konkretiserer kva tema som skal vurderast i planomtale og kva tema som eventuelt må konsekvensutgreiast
- planomtale må gjere greie for kva verknadar og konsekvensar for miljø og samfunn som regionale retningslinjer og føringar kan få
- planomtale må kommentere kvar retningslinje i planen, slik at det ikkje er tvil om korleis planen skal følgast opp
- fylkeskommunen må vere forsiktige med å utarbeide absolutte føringar og retningslinjer, særskilt om dei kan få negative konsekvensar for natur, klima, samfunn. Retningslinjer og føringar sine økonomiske konsekvensar må vurderast også i høve nytte.
- dersom det skal utarbeidast regionale føresegner etter § 8-5 for fleire tema enn handel og energi, så må fylkeskommunen varsle om dette før dei går i gang
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet bør rullerast og innlemmast i ny regional plan for areal og mobilitet. Eventuelt bør fylkeskommunen evaluere også denne planen og vurdere å endre praksis for korleis denne blir følgt opp.
- regionale planar bør kortast ned og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig

Vedlegg:

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Samandrag:

Vestland fylkeskommune har sendt planprogram for to regionale planar til offentleg ettersyn. Dette er regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Planprogramma viser at planane vil få verknadar for det lokalpolitiske handlingsrommet, med føringar, retningslinjer og føresegner som vil kunne få konsekvensar for miljø og samfunn. Kommunedirektøren foreslår difor at vi gir innspel til at:

- fylkeskommunen må følge plan- og bygningslova sine generelle utgreiingskrav i plan- og bygningslova kapittel 4 - for planprogram, planomtale og konsekvensutgreiing
- planprogramma bør liste opp alle målkonfliktar som gjeldande regionale retningslinjer og føringar har

- planprogramma må konkretiserer kva tema som skal vurderast i planomtale og kva tema som eventuelt må konsekvensutgreiast
- planomtale må gjere greie for kva verknadar og konsekvensar for miljø og samfunn som regionale retningslinjer og føringar kan få
- planomtale må kommentere kvar retningslinje i planen, slik at det ikkje er tvil om korleis planen skal følgast opp
- fylkeskommunen må vere forsiktige med å utarbeide absolutte føringar og retningslinjer, særskilt om dei kan få negative konsekvensar for natur, klima, samfunn. Retningslinjer og føringar sine økonomiske konsekvensar må vurderast også i høve nytte.
- dersom det skal utarbeidast regionale føresegner etter § 8-5 for fleire tema enn handel og energi, så må fylkeskommunen varsle om dette før dei går i gang
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet bør rullerast og innlemmast i ny regional plan for areal og mobilitet. Eventuelt bør fylkeskommunen evaluere også denne planen og vurdere å endre praksis for korleis denne blir følgt opp.
- regionale planar bør kortast ned og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Saka får ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen sine budsjett. Dei regionale planane kan derimot få store økonomiske konsekvensar for kommunen og samfunnet gjennom for eksempel krav om at vi stiller rekkefølgekrav til utbyggingar.

Klima: Saka får ingen direkte konsekvensar for klimagassutslepp. Dei regionale planane kan få retningslinjer som stiller krav om å redusere klimagassutslepp. På den andre sida kan retningslinjer også føre til auka klimagassutslepp når legger rammer for framtidig utbygging.

Folkehelse: Saka får ingen direkte konsekvensar for folkehelse, men dei regionale planane kan få positive verknadar for at fleire kan bevege seg i kvardagen. Regional plan for verdiskaping og kompetanse kan bidra til at fleire får høgare utdanning og at det blir skapt fleire arbeidsplassar. Dette er viktig for folkehelsa.

Saksutgreiing:

Vestland fylkeskommune har sendt planprogram for to regionale planar samstundes. Dette er regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse. Høyringsfristen er 10. oktober, men vi har fått utsett frist til 20. oktober for å rekke politisk behandling av vår uttale.

Den regionale planen for areal og mobilitet skal i følge planprogrammet erstatte følgande planar:

- Regional plan for klima, (2022-2035)
- Regional plan for fornybar energi, (2023-2035)
- Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, (det som er knytt til arealbruk) (2021-2033)
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026)
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (2018-2022)
- Regional transportplan (RTP), 2022-2033
- Fylkesdelplan for arealbruk (Sogn og Fjordane, 2000)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Vestland fylkeskommune har ambisjon om at den regionale planen for verdiskaping og kompetanse skal erstatte:

- Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033)
- Regional plan for klima (2022-35)
- Regional plan for fornybar energi (2023-2035)
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (2017-2030)
- Temaplan Forny og Forbetre - Auka gjennomføring (2021-2025)
- Temaplan Heilskapleg plan for tilbodsstruktur (2025-2035)

Det er særskilt regional plan for areal og mobilitet vi baserer dei planfagelege innspela på, sidan denne planen kan få størst verknad for lokalpolitiske handlingsrommet i til kommunale og private planar. Vi gir innspel til begge planprogramma, då vår erfaring er at retningslinjar og føringar i mange ulike planar kan få verknadar for kommunane.

Kommunedirektøren vurderar i denne saksutgreiinga berre aktuelle planfagelege innspel. Høyringsuttalen blir lagt fram for politisk behandling for å kunne ta med eventuelle politiske innspel til dei to planprogramma.

Prosesskrav for regionale planar

Regionale planar skal følgje plan- og bygningslova sitt kapittel 8. Skal fylkeskommunen utarbeide juridisk bindande føresegner om byggeforbod må reglane i § 8-5 følgast.

Regionale planar må følgje kapittel 4 om generelle utgreiingskrav. Planprogram skal utarbeidast i tråd med § 4-1 i plan- og bygningslova. For regionale planar og kommuneplanar med retningslinjer eller føringar for framtidig utbygging skal det utarbeidast ei planskildding i tråd med reglane i § 4-2. Slike planar må ha ein særskilt vurdering, skildding og eventuelt konsekvensutredning av planens verknadar for miljø og samfunn. Kva tema det skal greiast ut konsekvensar for må planprogramma ta stilling til.

Kommunane har ein sikkerheitsventil i § 8-4 om vedtak av regional plan etter andre ledd:

Dersom statlig organ av hensyn til nasjonale eller statlige interesser på vedkommendes ansvarsområde, eller kommune som blir direkte berørt av planen, har vesentlige innvendinger mot planens mål eller retningslinjer, kan de kreve at saken bringes inn for departementet, som kan gjøre de endringer som finnes påkrevd. Tilsvarende gjelder ved vedtak av regional planbestemmelse etter § 8-5. Etter at planen er vedtatt, har fylkeskommunen ansvar for å avklare om innvendinger står ved lag og eventuelt sende planen videre til departementet

Om dei gjeldande regionale planane som skal reviderast

Fleire av dei regionale planane har retningslinjer og føringar for arealbruk. Fylkeskommunen gir i dag uttale og administrative motsegn til ein rekke kommunale og private planar i Bjørnafjorden kommune.

Fleire av dei regionale planar, som har retningslinjer og føringar for framtidig utbygging, har eige kapittel for planskildding. Men desse omtalar ikkje verknadane av planen for miljø og samfunn i tråd med reglane i § 4-2 i plan- og bygningslova. Det er særlege dei negative verknadane dei enkelte retningslinjene kan få, som ikkje er greidd ut, vurdert eller omtala i gjeldande regionale planar.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet skal vidareførast i følge planprogrammet for regional areal og mobilitet. Denne blir brukt til fremme motsegn til manglande rekkefølgekrav i kommunale planar, sjå eksempelet om områdeplan for Lyseparken nedanfor.

Særskilt om planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Omfang av tema og problemstillingar som skal utgreiast skal skildrast i planprogram. Det står noko i kapittel 4.2 i planprogrammet for regional plan for areal og mobilitet om at omfang av tema og problemstillingar som skal utgreiast etter kva metode blir avklart når plangrepa er nærare konkretisert. Men i lovkommentaren til § 4-1 i plan- og bygningslova står det:

For planer som omfattes av kravet om konsekvensutredninger, jf. § 4–2 andre ledd, skal planprogrammet også gjøre rede for behovet og opplegget for utredning av planens virkninger for miljø og samfunn og hvordan dette arbeidet skal gjennomføres. Det fastsatte planprogrammet må være utformet på en måte som gjør at det i etterkant kan tas stilling til om gjennomført planarbeid, herunder utredninger, er utført i samsvar med planprogrammet. Det er gitt nærmere bestemmelser om planprogram for planer med virkninger for miljø og samfunn i forskrift om konsekvensutredning § 6 og kapittel 4

Fylkeskommunen har ambisjon om å ta tak i målkonflikter mellom retningslinjer. I kapittel 1.5.3 Målkonflikter - ein balansert arealpolitikk for planprogrammet for areal og mobilitet, nevner fylkeskommunen eit rammeverk som kan nyttast på tiltaksnivå. Dette er UFF - unngå, flytte, forbetre. Denne figuren er nyttig i kommunale detaljplanprosessar i samband med at vi jobbar med avbøtande tiltak for eventuelle negative konsekvensar som er avdekka i konsekvensutgreiingar på tiltaksnivå.

Kapittel 1.5.3 om målkonflikter viser til hyttebygging og natur som målkonflikt. Her bør potensielle målkonflikter med dei gjeldande regionale retningslinjer og føringar nemnast. Eksempelet nedanfor (om Lyseparken) syner til dømes korleis nullvekstmålet for privat bilbruk og retningslinje om universell utforming kjem i konflikt med natur, klima og samfunn. Det er mange slike gode intensjonar i retningslinjene i dei regionale planane som er i direkte konflikt med kvarandre. Og det er mange regningslinjer og føringar som kan få negative konsekvensar for miljø og samfunn.

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet legg opp til å vurdere gjeldande føresegner for handel. Desse er bestemt i Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Det verkar også som fylkeskommunen skal vurdere føresegner for energi. Desse må følgje reglane i pbl. § 8-5.

Eksempel på korleis regionale planar blir brukt til å fremme motsegn - Områdeplan for Lyseparken

Då områdeplanen for Lyseparken blei godkjent var det etter meking med blant andre Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen hadde motsegn til manglande rekkefølgekrav for gang- og sykkelveg frå Lyseparken til Byvegen. Bakgrunnen var at det skal byggast gang- og sykkelveg for å sikre nullvekstmålet for biltrafikk i tråd med regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Rekkefølgekravet til områdeplanen førte deretter til at kommunen måtte greie ut fleire gang- og sykkeltraséar. Ein annan regionale retningslinje lot seg då gjeldande om at "alle gang- og sykkelveg skal vere universelt utforma". Istadenfor ein kort trasé med stigning, måtte kommunen velje mellom fleire lange og kostbare traséar i behandling av KDPA for Bjørnafjorden vest. Valt løysing fekk ei omsynssone som innabar ein 2,7 km lang veg i LNF-område frå Lyseparken til Søfteland.

Kommunen måtte starte reguleringsplanprosessen då rekkefølgekravet til Lyseparken hadde ei tidsgrense. Det kom krav frå fylkeskommunen om at denne planen måtte planleggast i tråd med gjeldande handbøker. I fyrste omgang måtte vi planlegge ein 7 meter brei gang- og sykkelveg der gåande og syklande skulle vere skilt. Då det blei klart at det var behov for å revidere godkjent områdeplan for Lyseparken og planlegge for ein reduksjon frå 12 500 til 2 500 arbeidsplassar, kunne vi redusere standard til 5 meter. Kommunen fekk då utarbeidd nytt planforslag som blei sendt på ny høyring.

I 2024 blei det klart at BUS ville gå i gang å revidere områdeplan for Lyseparken. I nytt planforslag til områdeplan for Lyseparken som blei sendt på høyring februar 2025, tok vi ut rekkefølgekravet om gang- og sykkelveg til Byvegen. Vi vurderte at føresetnadane for rekkjefølgjekravet var drastisk endra ved at ein no legg opp til ei heilt anna utvikling, og med ein reduksjon frå 12 500 til 2 500 arbeidsplassar, og ønskjer at fylkeskommunen kan akseptere at rekkefølgekravet blei fjerna.

Det er liten tvil om at rekkefølgekravet får store kostnadane for natur og klima, så vel som dei økonomiske konsekvensane for kommunens økonomi, men i dei regionale planane er det ikkje gjort vurderingar av konsekvensar som slike retningslinjer har for verken miljø eller samfunn. Det er heller ikkje gjort vurderingar av kostnader med å bygge gang- og sykkelveggar balansert mot nytte i regionale planar. Det blei heller ikkje gjort slike vurderingar i motsegna til manglande rekkefølgekrav som blei sendt innan høyringsfristen frå fylkeskommunen. Det ligg no an til at vi ikkje vil få godkjent ny områdeplan utan at vi stiller rekkefølgekravet som Vestland fylkeskommune ber om.

Vurdering

Kommunedirektøren er av den oppfatning at dei gjeldande planane er modne for å reviderast. Det er positivt at fylkeskommunen ønsker å ta tak i målkonflikter i dei regionale planane. Det er svært positivt at vestland fylkeskommune har ambisjonar om å erstatte og samle mange regionale planar i to, då regionale retningslinjer og føringar ikkje berre er i konflikt med kvarandre i ein og same plan. Dei kan også vere i konflikt med kvarandre på kryss av regionale planar.

Det er vidare eit veldig godt grep å samle alle retningslinjer og føringar som får konsekvensar for framtidig utbygging ein i regional plan. Kommunedirektøren håpar at fylkeskommunen lykkast med det.

Planene treng heller ikkje å vere så lange og forklarande som dei er i dag, då dette ofte gjer dei vanskelege å tolke. Planlegging skal ikkje vere meir omfattande enn nødvendig. Det vil vere meir nyttig med opplisting av retningslinjer og føringar i planomtale med forklaring av korleis dei skal følgast opp. Dette vil kunne spare oss og saksbehandlarar i fylkeskommunen mykje tvil og tidsbruk i kommunale planprosessar.

Kommunedirektøren er uroa over at planprogramma ikkje tydeleg drøftar kva tema det er aktuelt å greie ut konsekvensar for. Det vil seie kva konsekvensar regionale retningslinjer og føringar kan få. I og med at Vestland fylkeskommunen føl mange av dei regionale planane ved å fremme motsegn mot blant anna manglande rekkefølgekrav i Lyseparken, så meiner kommunedirektøren at det er særleg viktig å påpeike at formalkrava i § 4-1 - 4-5 må følgast opp. Kommunedirektøren meiner at regionale planar som grip inn i lokalpolitisk handlingsrom, må vere tydeleg på kva konsekvensar planane kan få for natur, klima, samfunn eller andre offentlege og private aktørars økonomi.

Det er positivt at målkonfliktar skal takast tak i, men kommunedirektøren meiner omtale av målkonflikter er tynt i planprogramma. Fylkeskommunen bør allereie i planprogramma peike på kva målkonflikter det er mellom regionale retningslinjer i dag. Det blir for enkelt å syne til

hyttebygging mot naturkrise i planprogrammet, og berre vise til korleis kommunane skal følge opp konsekvensutgreiingar på tiltaksnivå. Her bør heller fylkeskommunen vere tydeleg på korleis dei sjølv skal gjere konsekvensutgreiingane på overordna nivå i den regionale planen, og korleis regionale retningslinjer og føringar bør vegast.

Kommunedirektøren vil legge til at vi ikkje er ueinig at det skal lagast regionale retningslinjer og føringar, eller at slike ikkje kan ha nytteverdi for kommunane. Snarare tvert imot. Fylkeskommunen vil kunne ivarta sin rettleiingsrolle ovanfor kommunane om det blir utarbeidd tydelege regionale planar. Og at dei eliminerer tolkningstvil for korleis retningslinjer og føringar kan følgast opp i våre planar. Det kan dei gjere i planomtalen til dei regionale planane.

Kommunedirektøren ønsker også at regional areal- og transportplan for Bergensområdet blir revidert, då denne planen heller ikkje er utarbeidd i tråd med plan- og bygningslova sine formalkrav. Denne planen blir dessutan hyppig brukt i innspel og motsegn til kommunale og private detaljplanar i Bjørnafjorden kommune.

Kommunedirektøren vil legge til at kommunen kan forsøke å nytte § 8-4 dersom fylkeskommunen utarbeider regionale planar som setter rammer for framtidig arealbruk utan å følge formalkrav i plan- og bygningslova. Dette vil vi vurdere i samband med høyring av den regionale planen.